

Retten til rettferdiggjering i utmarka

Frode Flemsæter

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Institutt for geografi

Samandrag

I dette forskingsessayet viser eg korleis utmarka har vore, og er, ein del av basisstrukturen i mange lokalsamfunn i Norge. Utmarka er i endring, og med dette vil basisstrukturane i samfunnet også endre seg. Eg viser korleis utmarka rundt heimplassen min på Nordmøre har vore ein viktig del av lokalsamfunnet, av gardsdrifta og av kvardagen til folk – i fortid og notid. Deretter let eg blant anna nokre sentrale tenkjarar frå samfunnsvitskapen, gjennom nokre små tankeeksperiment, møte og bli kjent med den norske utmarka. Desse møta viser at rettferd i utmarka ikkje berre handlar om fordeling av rettar til ressursar, men like mykje om kva for plass ulike aktørar og interesser skal få ha i utmarkas basisstrukturar, og dermed korleis produksjonen av rettferd skal gå føre seg. Dette handlar om retten til å rettferdiggjere seg og sine interesser i utmarka i ei tid der samtalar om utmarka i stadig større grad dreier frå retten til ein definert bruk mot retten over eit definert areal.

Nøkkelord: basisstruktur, retten til rettferdiggjering, bruksrett, territorialisering, utmark

Engelsk tittel: The Right to Justification in the Norwegian Outfields

Summary

In this personal research essay, I explore how the outfields (utmarka) have been and continue to be a fundamental part of the basic structure in many local communities in Norway. As the outfields undergo changes, so will the basic structures of the surrounding local communities. I illustrate how the outfields around the place I grew up have been an important part of the local community, agricultural practices and everyday life – both historically and presently. I engage with some key social science thinkers, and through thought experiments let them get to know the Norwegian outfields. These encounters reveal that justice in the outfields is not solely about distributing rights to resources, but also about determining the roles various actors and interests should play in the basic structures of the outfields. This pertains to the right to justify oneself and one's interests and rights, particularly in a time when discussions increasingly shift from the right to a defined use toward the right over a defined area.

Key words: Basic structures, right to justification, use rights, territorialisation, outfields(utmark)

Utmarka, slik ho var

¹Eg kjem frå garden Vollan, på Flemsetra. Flemsetra er ei lita grend, nokre få kilometer opp frå ein fjord på Nordmøre. Tipp-oldefaren min, Jørus, kjøpte seg ei tomt her i 1870 og bygde opp ein gard, som sidan gjekk i arv frå generasjon til generasjon. Garden vart gradvis utvikla og bygd opp over ein periode på meir enn hundre år, og like viktig som å dyrke opp innmark var det å opparbeide og ta i bruk rettane i utmarka. Her vart buskapen sleppt på beite, her vart det bygd sommarfjøs og her henta dei tømmeret som dei bygde husa av og veden dei fyrt med. Foreldra mine tok over garden tidleg på 1970-talet, og dei bygde seg eit moderne husbankhus på tunet og vart deltidsbønder. Derfor var eg mykje saman med med bestemor mi, Agnes, i barn- og ungdomen. Ho budde vegg i vegg, i den gamle nordmørslåna på garden. Bestemor lærte meg mykje om livet i og med landskapet på Flemsetra – om innmarka og om utmarka. Eg flytta tidleg frå bygda for å ta utdanning og få arbeid, og eg har etter kvart busett meg temmeleg langt frå Flemsetra. Men arbeidet og aktivitetane eg deltok i, historiene eg vart fortalt og menneska eg vart kjent med, har gjort meg knytt til desse landskapa. Dette er nok mykje av grunnen til at utmark og bygdesamfunn har fått ein stor plass i forskinga mi over mange år. I mange forskingsprosjekt har eg opplevd at bakgrunnen min frå denne bygda, desse landskapa og desse folka har både forma og informert forskinga eg har gjort. Samstundes er det ikkje nødvendigvis så beint fram å kople slike personlege erfaringar direkte til dei konkrete forskingsprosjekta, anna enn å gje bestemor mi ein og annan anekdotisk birolle i presentasjonar og forelesningar. Men i dette essayet vil eg forsøkje å gjere nokre av desse koplingane eksplisitte, og har eg bestemt meg for denne gongen å gje bestemor mi, Agnes, ei hovudrolle.

Om utmarka har betydd mykje for meg, så betydde den noko anna, og enda mykje meir, for dei som kom før meg. Slutten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet var ein periode der ein bar med seg det arbeidsintensive, tradisjonelle og familiebaserte jordbruksområdet samstundes som ein også såg ei gradvis modernisering. Handelsjordbruksområdet tok i stadig større grad over for sjølverbergingsjordbruksområdet, og avlsarbeid og nye dyrkingsteknikkar auka produksjonen merkbart ut over 1900-talet. Det vart dyrka opp mykje innmark på denne tida, men utmarksressursane var likevel svært viktige. Mange stader i landet vart det gjennomført jordskifte både på innmark og i utmarka, og mange sameiger var oppløyst og teigar samanslått. Men sjølv om grunneigedommar med ein eigar vart etablert også i mange utmarksområde, så vart som regel beiterettar og ein del andre bruksrettar liggande igjen som felles rettar for gardane (Gjerdåker, 2002). Tidleg på 1900-talet budde om lag 80 prosent av befolkninga i Norge på bygdene og 20 prosent i byane, barneflokkane var store og mange ville ha seg eit gardsbruk. Derfor vart mange gardar oppdelt i mindre einingar slik at fleire av etterkomarane skulle få seg ein gard. I tillegg vokste det fram mange bureisingsbruk for å bremse utvandringa til Amerika, og desse gardane var også små. Derfor var det gjerne ikkje så mykje innmarksressursar kvar gard rådde over, og det å ha bruksrettar til beite i utmarka var dermed svært viktig. For Agnes og garden ho var med å drive, var utmarka heilt avgjerande.

Utmarka utgjer store delar av Norge sitt landareal, og har tradisjonelt vore nytta til viktige føremål som beiting, skogbruk, sinking, jakt og fiske, med rettar regulert ved lov sidan Magnus Lagabøte si *Landslov* frå 1274. Utmarka står i kontrast til innmarka, som er dei dyrka områda nær gardshusa, sommarfjøsa eller setrene. Det vil seie, kontrast blir kanskje litt misvisande, for bruken av innmarka og utmarka har tradisjonelt utfylt kvarandre godt rundt om på gardane når det gjeld slått, hausting og beiting. Slik var det også for bestemor mi. Rytmen på gardane var tett knytt til år og kvar ein nytta ressursane som garden hadde tilgang til. Kvar dag, kvar sommar, pleidde Agnes å gå den vel halve timen frå garden og opp til sommarfjøset. Sommarfjøset låg oppover mot fjellet, på den andre sida av elva, i eit fruktbart skogområde, like nedanfor Flemsetervatnet. Her låg også dei andre sommarfjøsa, til dei andre gardane i grenda. Rundt kvart sommarfjøs var det ei ‘våttå’, eit lite innmarksområde som kvar gard eigde grunnen til, inngjerda av ein steinutgard. På andre sida av utgarden var utmarka. I utmarka var det felles beite.

For i tillegg til kva for ressursar som blir utnytta er det som skil innmarka frå utmarka korleis eigedomsforhold, rettar og eigarskap, blir oppfatta og praktisert. Medan innmarka er privat eigmund og ressursane kontrollert og nytta først og fremst av den enkelte eigar, så er det annleis i utmarka. Sjølve grunnen kan ha ulike eigarstrukturar – den kan vere privateigd eller del av ein stats- eller bygdeallmenning – men bruken og forvaltninga av ressursane skjer for ein stor del i fellesskap basert på bruksrettar og prinsippet om kløyvde eigedomsrettar.

¹ Enkelte delar av denne artikkelen er også presentert på engelsk i ein annan publikasjon (Flemsæter, in press)

Kløyvd eigedomsrett inneber at ulike personar kan ha rettar til ulike ressursar innanfor det same området, og bruksrettar inneber at fleire rettshavarar kan ha rettar til same ressurs, til dømes beiting, ved eller fiske (Sevatdal, 1998).

Etter å ha samla krøtter frå beitet på den andre sida av steinutgarden og mjølka dei, bar Agnes dei tunge bøttene med mjølk heim att om kvelden. I motsetnad til på setrene, så var ikkje sommarfjøsa nokon plass for å bu. Ikkje var det lagt til rette for å tilarbeide mjølka slik som på setrene heller, men avstanden frå garden var ikkje lengre at ein kunne gå til og frå for å mjølke kyrne på ein dag. Eg hugsa ho snakka mykje om sommarfjøsdrifta, men også om korleis dei nytta andre utmarksressursar – dei slo og tørka gras som dei lagra i høybuer rundt om, hogde tømmer, samla ved, plukka bær, fiska og slapp sauer og kyr på beite. Drifta av sommarfjøset var avgjerande for å legitimere bruksrettane som garden hadde i utmarka, sidan desse rettane vart både etablerte og oppretthaldne gjennom sosiale, kulturelle og økonomiske praksisar – over tid.

Dei fleste gardane i grenda la ned sommarfjøsdrifta på 1950 og 60-talet. Men sjølv om bruken av utmarka som ein ressurs for gardsdrifta sidan vart kraftig redusert, så blir bruksrettane til jakt, beiting og fiske, med røter i lokale sosiale og kulturelle praksisar, framleis utøvd. Og for mange i mange lokalsamfunn er det framleis slik at utmarka er ein stor del av økonomien, kulturen og det sosiale livet (Flemsæter & Singsaas, 2024; Flø, 2024).

Utmarka – ein del av basisstrukturen

Samfunnet sin *basisstruktur* er eit omgrep som er bruka for dei fundamentale institusjonane som organiserer forholdet mellom menneske – økonomisk, politisk, juridisk, sosialt og kulturelt. Basisstrukturane legg grunnlaget for sosial samhandling og individuell åferd. Det var filosofen John Rawls (1971, 2001) som gjennom fleire publikasjonar utvikla dette omgrepet, det han kalla '*the basic structures*'. Basisstrukturane er på mange måtar sjølve ryggrada i eit samfunn i det at dei utgjer eit rammeverk for fordeling av ressursar, mogleheter, rettar og plikter. Basisstrukturane styrer oss både som samfunn og individ gjennom å leggje sosiale rammer for liva våre, og derfor meiner Rawls at dei er helt avgjerande for korleis rettferd i eit samfunn blir handsama – og da er det særleg rettferd i form av *fordeling* av godar og plikter som Rawls er oppteken av. Landskapet kan sjåast på som ein del av basisstrukturen i eit samfunn i den forstand at det legg både fysiske og kulturelle rammer for sosial samhandling og er eit nødvendig utgangspunkt for endring og utvikling i eit samfunn (Mitchell, 2023). Dette gjeld ikkje minst for utmarkslandskapet.

Dersom John Rawls hadde tatt seg ein tur til Flemsetra ein sommar på 1950-talet, og hatt nokre dagar saman med Agnes der dei hadde gått til og frå sommarfjøset kvar dag, da hadde han fått sett kor viktig utmarka var for lokalsamfunnet². Dei ville nok hatt noko språkproblem, men om dei overkom desse så ville bestemor mi ha forklart Rawls korleis bygdefolket hadde bruka utmarka i generasjonar, korleis stadeigne skikkar, normer og praksisar hadde utvikla seg og vorte overført frå gammal til ung. Ho ville fortalt om korleis institusjonar hadde gradvis, over tid, vorte etablerte for å regulere og handtere rettar, plikter og konfliktar i utmarka. Rawls ville truleg ha svara med å forklare bestemor mi at utmarka illustrerte godt det han meinte var basisstrukturane i eit samfunn der '*political and social institutions of a society fit together into one system of social cooperation*' (Rawls, 2001, s. 10). I utmarka, ville Rawls ha sagt, tilskriv folket i lokalsamfunnet kvarandre '*basic rights and duties and regulate the division of advantages that arise from social cooperation over time*' (Rawls, 2001, s. 10). Ikkje så sjeldan hadde Agnes også ungane sine med seg til sommarfjøset – dei måtte jo både passast på og dei var god arbeidskraft. Medan Rawls observerte det heile så var ungane med å samle krøtter frå det felles utmarksbeitet og dei var med å slå graset på den vesle innmarksteigen på innsida av steinutgarden. Rawls ville sett i røynda korleis '*the legally recognized forms of property, and the structure of the economy (...), as well as the family in some form, all belong to the basic structure*' (Rawls, 2001, s. 10). Gjennom å vere saman med bestemor mi, familien hennar og naboane nokre heilt vanlege sommardagar så ville Rawls ha lært, gjennom eige augesyn, korleis utmarka var med å forme kvardagen i lokalsamfunnet. Han ville sett kor avgjerande utmarka var for folk sitt sosiale, kulturelle og økonomiske levebrød.

² John Rawls sitt tenkte besøk på Flemsetra er også presentert i engelsk versjon i Flemsæter (2024)

Sommaropphaldet på 50-talets Flemsetra ville gitt han eit utmerkt døme på korleis '*the basic structure is the background social framework within which the activities of associations and individuals take place*' (Rawls, 2001, s. 10).

Utmarka som del av basisstrukturen var viktig for tippoldefar min da han bygde garden på 1800-talet og den var avgjerande for bestemor mi og hennar familie midt på 1900-talet. For foreldra mine, og for meg sjølv da eg vaks opp på 70- og 80-talet, byrja utmarka å gradvis få ein noko endra funksjon der bruken var mindre knytt til den lokale, agrare økonomien. Likevel så vaks eg opp med mykje av den gamle tradisjonelle utmarkskulturen som lærte meg å late att grinda når eg gjekk på tur, ta godt omsyn under jakta og respektere den ressursen som utmarka hadde vore for garden, bygda og folket. Eg lærte meg noko av rytmen, kodane og det å leve i og med utmarka slik den hadde forma lokalsamfunnet som eit sosialt system. For dei som framleis bor og driv på Flemsetra, i Nistua, Midtgarden og Oppigarden, er dette enda mykje sterkare. Utmarkskulturen er framleis for ein stor del gjeldande på Flemsetra så vel som i mange andre bygdesamfunn.

Utmarka, slik ho har vorte

Da Agnes og folk frå nabogardane gjekk til og frå sommarfjøset og utmarksbeitene med krøtter, så følgde dei 'Buråkje'³. Eg hugsar eg høyrd om denne stien da eg vaks opp, men eg såg den aldri. Til det var den for gjengrodd på den tida. Men no nyleg har folk i bygda rydda og merka dette gamle råket, og dei har sett opp skilt som viser kvar sommarfjøsa stod og kva for gard som åtte dei ulike teigane, eller 'sommarfjøsvåttene' som dei sa. Langs denne stien kan ein sjå tydelege spor etter sommarfjøsdrifta – ruinar etter steinutgardar og fjøs, og framleis nokre delvis tilgrodde innmarksvollar der dei slo graset. Når eg kjem heim til Flemsetra og vil treffe folk, så er det lite gagn i å dra ned til 'sentrumen' i bygda der skulen og butikken var - desse institusjonane er for lengst lagt ned og det er lite sosialt liv å finne der. I staden går eg 'Buråkje', forbi tuftene etter sommarfjøsa, og forsett rundt den nylaga grusstien rundt Flemsetervatnet. Eg møter alltid folk frå bygda her, og somme stunder til og med framandfolk. Bygdefolket brukar altså framleis utmarka, men oftare og oftare til andre føremål enn landbruksdrift. Dette er ein del av den nye verdsettinga og bruken av utmarka – fritidspraksisar med aukande grad av opparbeidd infrastruktur der ein ofte viser fram spor i landskapet etter gamal aktivitet, for å lære bort noko av historia og gje ei tilleggsoppleveling til trimturen, akkurat slik som langs 'Buråkje'. Men endringane som den norske utmarka no går gjennom handlar om så mykje meir enn slike endra lokale friluftslivspraksisar.

Ein kan nesten ikkje opne ei avis utan at ein kan lese om den nye, eller fornya, utmarksbruken. Vi kan observere ei stadvis storstilt utbygging av fritidsbustadar, vindkraftanlegg blir planlagt og oppført til glede eller sorg, gruve drift har fått ei fornya interesse i takt med etterspurnaden etter mineral for å støtte opp under ei grøn omstilling og i takt med betre økonomi og meir fritid har vi eit fornya friluftsliv der stadig fleire reiser stadig lengre, for å drive stadig fleire typar friluftslivaktivitetar. Alt dette kan tilføre mykje verdifullt til individ og samfunn, men likevel er denne bruken ofte i strid med eksisterande verdiar, praksisar og måtar å tenke på i og om utmarka.

Det var interessa for desse endringane og dei tilsynelatande veksande spenningane i utmarka som gjorde at eg, saman med forskarkollega Bjørn Egil Flø, tok initiativ til å samle eit nettverk med utmarksforskarar og gje ut boka *Utmark i endring* (Flemsæter & Flø, 2021). I denne boka har norske utmarksforskarar skreve om nokre av dei mange endringane i bruk og brukarar som no går føre seg i utmarka, og som til dels har ført til auka konfliktnivå og heite debattar. Boka viser frå ulike empiriske perspektiv korleis grunnleggjande strukturelle forhold i utmarka blir sett på prøve gjennom endra bruk og verdsetting av utmarka. Det vi observerer i utmarka no er at det same landskapet blir verdsett på stadig fleire og ulike måtar, ut frå perspektivet til den som ser. Akkurat som D.W. Meinig (1979) i si tid skrev om i essayet 'The beholding eye: Ten versions of the same scene'. Meinig viser her korleis ulike perspektiv og forståingar kan eksistere side om side, og at å forstå nettopp dette mangfaldet gir verdifull innsikt om korleis landskap kan bli slagmarker, *battlefields* som han skriv, for konfliktar rundt areal og ressursar. Når fire personar står saman og ser ut over det same landskapet, så kan den eine sjå naturmangfaldet, plantene og dyra, den andre kan sjå verdien i potensielle hyttetomter, den tredje ser minerala hen veit ligg under bakken og den fjerde kan sjå og kjenne landskapet som ein del av identiteten sin der kvart eit tre nærmast er som en del av skelettet.

³ Eit 'buråk' er ein krøttersti

Det er talet på versjonar av den same scena som har auka i utmarka dei seinare åra. Og da vil eg peike mot tre overordna endringar som gjer at perspektiva blir fleire.

For det første, *skala*: Medan utmarka tidlegare vart for ein stor del brukta og forvalta lokalt så er det no mange aktørar fråkoppa lokalsamfunnet som har fått auga opp for desse areala, enten det er fritidsbustadkjøparar frå byen, vindkraftinvestorar frå Europa eller gruveeigarar frå Canada. Hand i hand med desse aktørane blir også nye statlege eller regionale forvaltningsorgan involvert i stadig større grad i utmarksforvaltninga. For det andre, *økonomi*: Dei økonomiske utmarksinteressene var tidlegare for ein stor del knytt til den lokale agrare økonomien. No er mange andre økonomiar i større grad involvert, og med eit heilt anna rasjonale liggande til grunn enten det er knytt til turisme, energiproduksjon, gruveindustri eller rekreasjon. For det tredje, *tid og rytme*: Medan rettar og plikter tidlegare vart etablerte og halde ved like over lang tid, gjerne over generasjonar, så blir det no stilt heilt andre krav til tempo når fritidsbustadar skal planleggjast og byggast og grøn vindenergi skal erstatte europeisk kolkraft jo før jo heller.

Til saman betyr dette at medan rettar, plikter og måtar å samhandle på tidlegare vart framforhandla på ein felles, lokal arena, så skjer dette no på mange ulike arenaer, noko som gjer at det blir mykje meir krevjande å utvikle og akseptere ei felles forståing for normer, reglar, rettar og plikter i utmarka. Dette gav botnen under måten den sosiale og økonomiske samhandlinga i mange lokalsamfunn til no i stor grad har gått føre seg, og det endrar lokalsamfunna si rolle i storsamfunnet. Dette endrar ikkje berre utmarkslandskapet i seg sjølv, men det rokkar ved dei grunnleggjande sosiale strukturane. Det er sjølve *basisstrukturane* i samfunnet som blir utfordra.

Ei territorialisering av utmarka

Men korleis er det eigentleg at desse basisstrukturane blir utfordra, prinsipielt sett? På eit nivå ser vi at synet på kva utmarka djupast sett er har endra seg med inntoget av nye aktørar og nye interesser. Det vil seie, det har no vorte fleire oppfatningar om kva desse areala som har vorte kalla utmark faktisk er – det har vorte fleire utmarksontologiar, som Fuglestad og Flø skriv om i en annan artikkel til dette temanummeret av *Utmark* (Fuglestad & Flø 2024). Men det er ei anna prinsipiell endring eg er oppteken av her, og for å finne meir ut av dette så har eg gjort eit nytt tankeeksperiment: I staden for å invitere ein ny amerikanar til den norske utmarka, slik eg gjorde med John Rawls, så gjer eg det denne gongen omvendt; Eg har sendt boka *Utmark i endring* til den amerikanske geografen Robert D. Sack. Sack har lest boka, etter at også han overkom språkbarrieren (det er jo ein fordel som tankeeksperiment har framfor andre typar eksperiment), og han såg korleis endringane i den norske utmarka er eit godt døme på det han har vore oppteken av, nemleg *territorialitet* (Agnew et al., 2000; Sack, 1986). I boka *Human territoriality. Its theory and history*, gjorde han greie for ti trekk ved territorialitet – *ten tendencies of territoriality* (Sack, 1986) – som han meiner er føresetnadnar for sjølve definisjonen av territorialitet, nemleg det å skape og oppretthalde ei form for eigarskap over eit bestemt geografisk område. Territorialitet er altså prosessen med å ta eller ta vare på ei form for kontroll over eit territorium.

Etter å ha lest boka *Utmark i endring* meiner Sack at heile boka i stor grad handlar om territorialitet – ‘*powerful geographic strategy to control people and things by controlling an area*’ (Sack, 1986, s. 5). Spesielt er det tre trekk ved territorialitet han meiner er overordna dei andre, og desse er fellesnemnalar for det meste han har lest om endringane som skjer i utmarka, nemleg *klassifisering, kommunikasjon og stadfesting av makt*. For det første viser utmarksforskinga at det er svært mange debattar rundt utmarka som handlar om å *klassifisere* eit bestemt geografisk område som noko bestemt, og dermed utelate noko anna, enten dette er beite, areal for hyttebygging, vindparkar eller stiar for ein bestemt type friluftsliv (Flø & Flemsæter, 2021). Sack meiner det ser ut til at mykje handlar om at eit område skal vere enten det eine eller det andre, og trekker fram tittelen på eit av kapitla i boka som eksempel; ‘Kampen om utmarka: Hytter, beitemark eller urørt natur’ (Aasetre, 2021). Dette må da vere, seier han, stikk i strid med bruksrettane og den kløyvde eigedomsretten han har forstått framleis blir praktisert i Norge. Han utdijpar:

'territoriality classifies, at least in part, by area rather than by type. When we say that anything in an area or room is ours, or is off limits to you, we are classifying or assigning to a category such as 'ours' or 'not yours' according to its location in space. Thus territoriality avoids, to varying degrees, the need for enumeration and classification by kind (mi understrekning) and may be the only means of asserting control if we cannot enumerate all of the significant factors and relationships to which we have access'. (Sack, 1986, s. 32)

Medan mykje av den nye bruken og den tilhøyrande moderne arealforvaltninga tek utgangspunkt i nettopp '*area rather than by type*', så tek bruksrettane og den kløyvde eigedomsretten utgangspunkt i *type rather than area*. Men *enumeration*, altså opprekninga, av denne typen rettar innanfor eit areal, og dermed kategorisering etter bruk og ikkje etter areal, passar därleg inn i eit moderne byråkratisk forvaltingssystem basert på klassifisering og kartfesting (Brown et al., 2019; Flemsæter & Brown, 2021).

Når eit areal først er klassifisert så vil ein gjerne *kommunisere* dette slik at alle kan sjå og vite det. Dette er det andre av dei overordna trekka ved territorialitet som Sack særleg dreg fram. For å kommunisere ei form for eigarskap eller kontroll over eit bestemt område så kan vi for eksempel merke stiar for å vise kor folk skal gå og kanskje kva for kategori friluftslivsutøvarar som hører heime på stien (Vistad, 2021). Eit anna eksempel som eg sjølv, saman med Katrina M Brown, skriv om i eit av kapitla i *Utnark i endring* handlar om korleis samisk tamreindrift er tufta på eit syn på grenser i utmarka som flytande og fleksible og som ikkje så lett let seg kommunisere gjennom eit kart. Arealforvaltninga på si side vil at alle aktørane skal trekkje definerte grenser på kartet slik at ein lettare kan handtere konfliktar i planlegging og forvaltning (Flemsæter & Brown, 2021). Dette meiner Sack er eit godt eksempel på at '*territoriality is easy to communicate because it requires only one kind of marker or sign – the boundary. The territorial boundary may be the only symbolic form that combines direction in space and a statement about possession or exclusion*' (Sack, 1986, s. 32)

For det tredje, seier Sack, har det å trø over ei grense lite å seie om det ikkje er noko eller nokon som har *makt til å stadfeste* og handheve grensa og dei tilhøyrande reglane. Derfor er det ikkje nok å berre trekkje ei grense eller sette opp eit skilt, det må lagast reglar for kva dette inneber og det må fastsetjast kven som skal ha makt til handheve reglane. Sack seier at '*each instance of territoriality must involve an attempt at enforcing control over access to an area and to things within it, or to things outside of it by restraining those within*' (Sack, 1986, s. 22). Vidare viser han til fleire av kapitla i *Utnark i endring* og peikar på at mange debattar om utmarka ser ut til å handle nettopp om dragkampane om kva for regelverk som skal gjelde for bestemte territorium, kva regelverket skal innehalde, kven som skal inkluderast eller ekskluderast frå eit område og kven som skal ha makta til å handheve reglane. Rettslege rammer må da gjerne byggast på nytt, eller om ikkje anna bli gjennomgått for å sjå korleis nye verdsetjingar utfordrar legitimeten til eksisterande rettslege rammeverk (Hauge, 2021).

Agnes si utmark var rett nok eit område med relativt definerte grenser med tilhøyrande rettar som både vart kommuniserte og handheva. Men desse territoria har vore kontrollerte av, og ressursane har vorte delt mellom, medlemmar av eit lokalsamfunn. Areala har vore forvalta og bruka i fellesskap der sosiale relasjonar og ei felles kulturell forståing danna grunnlaget for stadfestinga og handhevinga. Bruken og verdsettinga av utmarka har vore kommunisert og høgst synleg for dei som har vore involvert, men gjerne usynleg for, og dermed ikkje kommunisert til, andre som ikkje var sosialisert inn i dei lokale utmarkspraksisane som har utgjort viktige delar av basisstrukturane i lokalsamfunna. Tidlegare var desse 'andre' få, men no er dei etterkvart mange.

Retten til rettferdiggjering

Basisstrukturane i eit samfunn er altså i følgje Rawls avgjerande for korleis rettar til ressursar blir fordelt, og desse basisstrukturane i utmarka og tilhøyrande lokalsamfunn blir no gjort ustabile gjennom territorialisering. Da er det viktig å minne oss sjølv på det som Agnes og hennar generasjon visste veldig godt og hadde i blodet, og som geografen Nick Blomley har peika på i si forsking rundt eigedom og rettar, at
... both law and society expect me to sustain and communicate my claim [to my property] on a continued basis (by cutting my grass, maintaining my property and so on). Property in that sense, can be thought of as dependent on repeated enactments: it is, in that sense, a 'doing' (Blomley, 2005).

Eigedommar og rettar må altså praktiserast, eller 'gjerast', for at legitimitet til eigarskapet skal haldast oppe. Kor lenge kan ein for eksempel halde på beiteretten om ein ikkje slepp dyra på beite? Rettar og interesser må med andre ord bli *rettferdigjort*. Den anerkjente tyske filosofen Rainer Forst ga i 2007 ut boka *Das Recht auf Rechtfertigung*, som nokre år seinare vart oversett til engelsk (Forst, 2011). Her argumenterer Forst for at urettferd ikkje først og fremst handlar om å ikkje få nok av noko, men snarare om det å bli undertrykt eller oversett, og dermed at den fundamentale retten til å rettferdiggjere seg og sine interesser blir ignorert. Eit offer for urettferd, seier Forst, is '*not primarily the person who lacks certain goods, but the one who does not "count" in the production and distribution of goods*' (2011, s. 2).

Det har vore gjennom bruken, og det synlege behovet for bruken, at retten til utmarka og utmarkslandskapet har vore rettferdigjort opp gjennom i lokalsamfunna rundt om. Det var mange små gardar i utmarksbygdene tidlegare, og alle desse trøng ressursane i utmarka som ein del av gardsdrifta. Behovet for bruken var lett å sjå for dei andre rettshavarane sidan dei alle høyrd til den same lokale utmarkskulturen og forhandlingane om rettferdiggjering gjekk føre seg på ein felles lokal arena. Rettferdiggjeringa av rettar i den tradisjonelle utmarka har skjedd lokalt gjennom bruk og kulturell og sosial praksis, og lokale bruksrettshavarar sine stemmer har vore 'medrekna'.

Men medan praktiseringa av rettane i utmarka, *the doing of property* som Blomley (2005) skriv, tidlegare har vore fokusert rundt deling, fellesskap og *type bruk*, så observerer både Sack og vi andre at praktiseringa no i aukande grad handlar om avgrensing og det å ta kontroll over eit *areal*, og om mogleg ta eigarskap til dette. Dermed vil også måten ein rettferdiggjer interessene og rettane sine på endre seg. Problemet blir da at rettferdiggjering av retten til ein *type bruk* er fundamentalt annleis og tufta på heilt andre prinsipp enn rettferdiggjering av retten til eit *areal*. Rettferdiggjering av rettar gjennom bruk, som kanskje også er lite synleg, har ikkje same krafta lengre når spørsmålet som blir stilt handlar om rettferdiggjere kontroll over eit areal.

Rawls la vekt på korleis *fordelinga* av gode, rettar og plikter er fordelt innanfor basisstrukturane i eit samfunn. Dette har vorte debattert og til dels kritisert, blant andre frå nemnde Forst (2011, 2014) og Iris M. Young (2006), for å oversjå viktige aspekt med sosial rettferd. Forst teiknar opp det han kallar to bilde av rettferd. Det eine bilde er av rettferd som nettopp fordeling av gode der ein er oppteken av kven får eller gjer seg fortent til kva, og ein har dermed eit mottakar-orientert perspektiv på rettferd. Dette bildet, meiner Forst, skjuler viktige element ved rettferd. For det første viser det lite av korleis goda som blir fordelt kjem til verden eller blir produserte og for det andre så skjuler det forhold rundt kven som har makt over utforminga av strukturane som produserer og fordeler goda (Forst, 2011, p. 4). Young peikar på det same og meiner at ein innanfor ei slik ramme fort gløymer å reflektere over korleis fordelinga er produsert innanfor eit sosialt system (Young, 2006).

Når det gjeld det sosiale systemet, eller basisstrukturane, som skapte og heldt ved like utmarka slik bestemor Agnes opplevde og praktiserte den, så tok desse lang tid å etablere. I tillegg fann prosessane som etablerte desse strukturane stad lokalt blant folk som kjente kvarandre og stort sett hadde felles interesser. Spørsmål om fordeling av rettar til ressursar handla for ein stor del om *type bruk*, enten det gjaldt beiting, jakt eller annan ressursbruk, og var fundert i lokale sosiale strukturar, sedvane og delt ansvar. Bruken og behova for bruk skapte basisstrukturane, og dermed kunne aktørane også rettferdiggjere rettane sine gjennom bruk. No skjer prosessane som produserer fordelinga av rettar og plikter innanfor heilt andre strukturar, under andre omstende, mellom aktørar på ulike nivå og innanfor ei definert og avgrensa tidsramme.

Young (2006) argumenterer også for at det er mykje som handlar om rettferd, men som ikkje så lett let seg fordele. Dette seier ho kan vere sosiale strukturar som gjer at bestemt åtferd og bestemte haldningar blir normaliserte medan andre ikkje. I mi bestemor si utmark var det mykje som ikkje skulle fordelast i den forstand, men som likevel handla om rettferd. Dette kunne være kvardagslege praksisar som normaliserte bestemte haldningar og oppfatningar rundt rettar og eigedom. Det handla om korleis ein skulle te seg, når og kor ein kunne bevege seg i utmarka og korleis ein omtala andre rettshavarar. Dette var kulturelle prosessar, som eg sjølv, sjølv om eg voks opp på 70- og 80-talet, kjente til, men som utvilsamt var mykje sterkare den tida sommarfjøsa var i drift.

Tankane som både Forst og Young fremmar med utgangspunkt i Rawls sin basisstruktur handlar om retten til å rettferdigjere sin plass i samfunnet sin basisstruktur. Basisstrukturen i det gamle utmarkssamfunnet var ikke nødvendigvis rettferdig på alle måtar, men den var bygd opp rundt ein lokal agrar arena der ein felles utmarkskultur kunne utvikle seg gjennom bruk, sosial samhandling og felles kulturell forståing. Ein ny basisstruktur er no i ferd med å bli etablert innanfor andre rammer enn før. Desse rammene er sette saman både av dei nemnde tradisjonelle strukturane og ei mykje meir territorial forståing av utmarksressursane. I tillegg har skalaen på basisstrukturen i utmarkssamfunna endra seg til å bli meir nasjonal og global, og det er eit mangfold av økonomiar og aktørar involvert. Dermed endrar føresetnadane for retten til å rettferdigjere seg og sine interesser. Innanfor ein basisstruktur som skal ta opp i seg både det gamle og det nye blir da ei hovudutfordring å jamstille aktørar som rettferdigjer sine rettar gjennom type bruk med dei som rettferdigjer sine rettar gjennom interesser i eit avgrensa territorium.

Vi må sørge for at den framtidige utmarksforvaltninga tek seg den tida og har dei verktøya, kompetansen og den kulturelle forståinga som trengs for å sikre alle aktørane i utmarka, inkludert dei med bruksrettar, lik rett til rettferdigjering. Vi må dermed fortsette å leite etter måtar som gjer oss godt i stand til å handtere sameksistens, mangfold og romleg rettferd i utmarka. Dette inneber at vi må sjå oss i spegelen og lære av dei som var før oss, og frigjere oss noko frå hangen vi som samfunn har mot å avgrense og kontrollere utmarkslandskapet gjennom å trekke territoriale grenser mellom mitt og ditt.

Referanser

- Aasetre, J. (2021). Kampen om utmarka: Hytter, beitemark eller urørt natur? I F. Flemsæter & B. E. Flø (red.), *Utnark i endring* (pp. 93-121). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/doi.org/10.23865/noasp.151>
- Agnew, J., Paasi, A., & Sack, R. D. (2000). Classics in human geography revisited: Sack, R.D. 1986: Human territoriality: its theory and history. *Progress in Human Geography*, 24(1), 91-99. <https://doi.org/10.1191/030913200669690321>
- Blomley, N. (2005). Enacting Landscape, Claiming Property. I T. Peil & M. Jones (red.), *Landscape, Law and Justice* (pp. 26-35). Novus forlag.
- Brown, K. M., Flemsæter, F., & Rønningen, K. (2019). More-than-human geographies of property: Moving towards spatial justice with response-ability. *Geoforum*, 99, 54-62. <https://doi.org/10.1016/j.geoforum.2018.12.012>
- Flemsæter, F. (in press). Landscape, law and justice in the Norwegian outfields. I M. Jones, A. Stecker, G. Setten & , D. Mitchell (red.), *Landscape, Law & Justice – 20 Years*. KVHAA Konferenser. Stockholm: Royal Swedish Academy of Letters, History and Antiquities
- Flemsæter, F., & Brown, K. M. (2021). Menneske og dyr i grenseland. Om rettar, rettferd og rett ferd i utmarka. I F. Flemsæter & B. E. Flø (red.), *Utnark i endring* (pp. 191-212). Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing). <https://doi.org/10.23865/noasp.151>
- Flemsæter, F., & Flø, B. E. (red.). (2021). *Utnark i endring*. Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing). <https://doi.org/10.23865/noasp.151>.
- Flemsæter, F., & Singsaas, M. (2024). Sosiale sumeffekter av utmarka. Tidsskriftet Utmark. Temanummer Utmark i endring.
- Flø, B. E., & Flemsæter, F. (2021). Utmark i endring - når nye tider gir andre tilhøve. I F. Flemsæter & B. E. Flø (red.), *Utnark i endring* (pp. 9-27). Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing). <https://doi.org/10.23865/noasp.151>
- Flø, B. E. (2024). Elegi. Om sorg, tap og tid til å takle tomme fjell. Tidsskriftet Utmark. Temanummer Utmark i endring.
- Forst, R. (2011). *The right to justification: elements of a constructivist theory of justice* (J. Flynn, Trans.) [Translated book]. New York: Columbia University Press.
- Forst, R. (2014). *Justice, democracy and the right to justification : Rainer Forst in dialogue*. Bloomsbury Academic.
- Fuglestad, E. M., & Flø, B. E. (2024). Eit sosial-ontologisk perspektiv på konfliktane i utmarka. Tidsskriftet Utmark. Temanummer Utmark i endring.
- Gjerdåker, B. (2002). Kontinuitet og modernitet. *Norges Landbrukshistorie Bd. III, 1814-1920*. Samlaget.

-
- Hauge, K. B. (2021). Rettslege rammer for klimavenleg energiproduksjon i utmarka: Utfordrar klimaomsynet legitimiteten til konsesjonsregelverket? I F. Flemsæter & B. E. Flø (red.), *Utmark i endring* (pp. 151-189). Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing). <https://doi.org/10.23865/noasp.151>
- Meinig, D. W. (1979). The Beholding Eye: Ten Versions of the Same Scene. I D. W. Meinig (red.), *The Interpretation of Ordinary Landscapes* (pp. 33-48). Oxford University Press.
- Mitchell, D. (2023). Landscape Justice. I J. Ohlsson, S. Przybylinski, & D. Mitchell (red.), *Theorising Justice: A Primer for Social Scientists* *Theorising Justice* (pp. 205-222). Bristol University Press. <https://doi.org/10.51952/9781529232233.ch013>
- Rawls, J. (1971). *A theory of justice*. Harvard University Press.
- Rawls, J. (2001). *Justice As Fairness : A Restatement* (E. I. Kelly, red.). Belknap Press. <https://search.ebscohost.com/login.aspx?direct=true&db=nlebk&AN=2110245&site=ehost-live&scope=site>
- Sack, R. D. (1986). *Human territoriality : its theory and history* (Vol. 7). Cambridge University Press.
- Sevatdal, H. (1998). Common Property in Norway's Rural Areas. I E. Berge & N. C. Stenseth (red.), *Law and Governance of Renewable Resources* (pp. 141-169). ICS Press.
- Vistad, O. I. (2021). Stien i endring? Om det gode paradoks. I F. Flemsæter & B. E. Flø (Eds.), *Utmark i endring* (pp. 239-264). Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing). <https://doi.org/10.23865/noasp.151>
- Young, I. M. (2006). Taking the Basic Structure Seriously. *Perspectives on Politics*, 4(1), 91-97. <http://www.jstor.org/stable/3688629>